

## **Saksprotokoll i fylkestinget - 05.03.2019**

### **Røysting**

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

### **Vedtak**

1. Fylkestinget meiner det er eit stort behov for å avklare organisering av myndigheitsarbeidet og partskontakten innan samferdsel i Vestland fylkeskommune, og ber fylkesrådmannen kome tilbake til sak i Fellesnemnda etter drøftingar med Sogn og Fjordane og med framtidige partnarar.
2. Fylkestinget vil understreka målsettinga i regionreforma om å styrkja fylkeskommunen si rolle som regional utviklar og dei oppgåver fylkeskommunen har for å utvikla infrastruktur i brei forstand og særskild for å sikra ein effektiv vegtrafikk utan skade på menneske og miljø.
3. Fylkestinget meiner at arbeidet med rulleringa og utforminga av ny NTP må ta opp i seg fylkeskommunen si nye rolle og utvida ansvar for m.a. viktig infrastruktur som breiband og fiskerihamner og drift av sentrale tenestetilbod som regionale flyruter og lokale togtilbod. NTP må famna om heile den nasjonale samferdsle- og infrastrukturen slik at ressursane kan prioriterast der behova er størst. Fylkestinget vil ta initiativ til at dette vert utgreia i samband med rulling av nu NTP
4. Fylkestinget vil sikra brei deltaking i arbeidet med NTP. Det skal involvera kommunar, partane i arbeidslivet, representative interesseorganisasjonar med lokal forankring og miljørørsla.
5. Arbeidet må organiserast slik at ulike interesse vert høyrd og kan medverka til eit best mogleg beslutningsgrunnlag for dei prioriteringar som dei folkevalte organa skal gjera. Prosess og deltaking må omsynta oppgåver og den rolla ulike deltakarar har.
6. Fylkestinget vil peika på den viktige rolla KS har i å koordinera fylkeskommunane sine interesser inn mot nasjonale styresmakter og vil ta initiativ til å styrkja samarbeidet kring rulling av NTP og dei målsettingane fylkestinget har for dette arbeidet.